




DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjekontor



FAD

Kirkeavdelingen

Postb. 8004 Dep,

0030 OSLO

Dato:

19. sep. 2012

Høyringssvar.

Forslag til endringer i gravferdsforskriften.

Ål kyrjelege fellesråd takkar for høve til å gje høyringssvar, og gjev med dette tilbakemelding på skriv 12/ 1719. Fellesrådet har hatt saka til handsaming på møtet den 14. september. Høyringsforsлага er også drøfta med dei tilsette.

Tilbakemeldingar er gjett berre på dei punkta der fellesrådet har forslag til endring. Om ingenting er nemnt fylgjer fellesrådet departementet sine forslag.

Til punkt 3.3: Bør det kunne dispenseres frå kravet om kiste ved gravlegging?

Ål kyrjelege fellesråd støttar at ein kan gravlegge utan kiste, men understrekar at berre lokal gravferdsinstans kan gje dispensasjon. Denne type gravleggingar skal ofte skje fort, og vegen til avgjerdsmyndet må vera kortast mogeleg. Då kan ein også stile krav som til dømes at pårørande sjølve fyller att grava. Dette må gjerne nedfellast i dei lokale kyrkjegardsvedtekten.

Ut over dette vil det vera nokre praktiske utfordringar dersom ein pålegg bruk av kiste fram til gravplassen. Kven har til dømes ansvaret for kiste og kostnader knytta til det? -Kyrjeleg fellesråd, pårørande eller gravferdsbyrået?

Til punkt 7.1: Stenging av deler av gravplass:

Fellesrådet undrar seg over at stenging av gravplassen ikkje kan vera grunngjeve i at det er vanskeleg tilgjenge til gravfeltet, eller at jorda inneheld røter eller stein. Det er nettopp på slike stader det bør vera mogeleg å stenge delar av gravfelt. Desse argumenta bør bli sett på som tungtvegande grunnar dersom ein over tid har gjort seg erfaringar med denne problematikken.

Til punkt 8. Gravlegging:

Endringa frå 8 til 14 dagar som frist for gravlegging var omdiskutert, og enda på ein 10 dagars frist. At ein no likevel i praksis utvidar til 14 dagar er å omgå dei signalane som har kome tidlegare med at det er til det beste for alle at fristen for gravlegging er kort. Det har å gjere med at pårørande må bli ferdig med dødsfallet og det praktiske rundt. Det er også uverdig at avdøde blir liggande lenge før gravlegging kan skje. Uansett vil ein ha mogeleg til å utvide fristen for gravlegging i Gravferdslova §

13. Ål kyrkjelege fellesråd meiner det er uheldig å legge opp til noko som i praksis er ein 14 dagars frist i lov og forskrift.

Ål kyrkjelege fellesråd meiner at laurdagar skal rekna som virkedag, og inngår i 10 dagars-fristen.

Det er vidare foreslege at «*En representant for gravplassen skal som hovedregel være til stede under kistegravlegging*». Ål kyrkjelege fellesråd meiner at det alltid må vera ein representant til stades ved denne handlinga, og bed om at teksten vert endra til:


«*En representant for gravplassen skal være til stede under kistegravlegging*»

Til punkt 11.4 Gjenvinning av metallrester etter kremasjon:

Fellesrådet har ingen merknad til gjenvinning av metall etter kremasjon, men gjer merksam på følgjande:

På landsbasis er det heile 5 tonn metall årleg å gjenvinne etter kremasjon. Det vil seie at me om nokre få år vil finne 10 tonn metall i samband med gjenbruk av gamle graver. Det er ei langt større utfordring å finne gode ordningar for dette, og me bed departementet om å greie ut korleis me skal handtere det.

Ål kyrkjelege fellesråd


Kjellfred Dekko
-kyrkjeverje-